



Sunnfjord  
kommune



# Retningslinjer for tilskot til nærings- og miljøtiltak i skogbruket

Vedtekne 23.04.2020

1	Innleiing.....	3
2	Bakgrunn.....	3
3	Skogen i Sunnfjord kommune.....	3
4	Skogkultur .....	4
4.1	Tiltak .....	5
4.2	Prioritering.....	6
4.3	Tilskotssatsar .....	6
4.4	Vilkår.....	6
5	Drift med taubane, hest o.a. ....	6
5.1	Tilskotssatsar .....	6
5.2	Prioritering/ Vilkår.....	7
6	Bygging og ombygging av skogsveggar .....	8
6.1	Tilskotssatsar .....	8
6.2	Prioritering.....	8
6.3	Vilkår.....	9
7	Søknadar.....	9
7.1	Skogkultur .....	9
7.2	Drift med taubane, hest o.a .....	9
7.3	Landbruksveg.....	9
8	Rammeløyvingar og tilskotsbehov .....	10

## 1 Innleiing

Det følgjer av forskrift om tilskot til nærings- og miljøtiltak i skogbruket at kommunen skal fastsetje overordna retningsliner for bruk av tilskotsmidlane/prioritering av tilskotssøknader. Retningslinene skal fastsetjast i dialog mellom kommune, Fylkesmann og lokale næringsorganisasjonar knytt til skogbruk.

Sunnfjord kommune har i dialog med dei lokale skogeigarlaga, bondelaget, bonde- og småbrukarlag og Fylkesmannen utarbeida overordna retningsliner. Retningslinene er vedtekne av Utval for samfunn, kultur og næring, 23.04.2020. Retningslinene gjeld fram til nye vert publisert.

## 2 Bakgrunn

Ut frå regionale og lokale prioriteringar skal det stimulerast til auka verdiskaping i skogbruket, samstundes som miljøverdiar knytte til biologisk mangfald, landskap, friluftsliv og kulturminne i skogen vert ivaretekne og vidareutvikla.

Verkeområdet til forskrifta er i hovudsak alle skogeigedomar med meir enn 10 dekar produktiv skog.

Ut 2019 har vedtaksmynde for tilskot etter forskrifta vore delt mellom kommunane (skogkultur, miljøtiltak og utviklingsprosjekt) og Fylkesmannen ( skogsvegar og drift med td. taubane). Frå 01.01.2020 vert vedtaksmynde for alle tilskota etter forskrifta overført til kommunane. Retningslinene må difor no ta opp i seg prioriteringar og satsar for tilskot til skogsvegar og drift i vanskeleg terreng.

Fylkesmannen som vedtaksmynde har tidlegare utarbeid retningsliner i nær dialog med næringsorganisasjonar og kommunane. Sunnfjord kommune sine retningsliner byggjer på erfaringar med tidlegare kommunale og statlege retningsliner, samt Fylkesmannen sitt forslag/tilrådingar til overordna retningsliner for kommunane datert 17.01.2020.

## 3 Skogen i Sunnfjord kommune

Det produktive skogarealet i Sunnfjord kommune vert vurdert til å vere omlag 370 000 daa. Av dette er 20 - 30 % kulturskog, 90 – 100 000 daa (i hovudsak gran). Netto årleg tilvekst (auka produksjon ut frå dagens skogtilstand redusert for hogst, naturleg avgang, og andre variablar) i skogen er nøkternt rekna til å vere om lag 145 000 m<sup>3</sup>.

Sjølv om andelen av arealet med kulturskog ikkje er veldig stort, så er det granskogen som dominerer kubikkmassen i kommunen. Grana produserer særst godt på vår skogsmark og gjev mest igjen økonomisk. Tømmer frå vår gran er mest etterspurt av industrien både lokalt, nasjonalt og internasjonalt.

Hogst/omsetning av tømmer er aukande. I Sunnfjord kommune blei det i 2008 hogd 13 684 m<sup>3</sup> (bruttoverdi kr 4 268 320 og verdiskaping kr 29 878 240) og i 2018 57 400 m<sup>3</sup>. (bruttoverdi kr 24 800 000 og verdiskaping kr 173 000 000).

- I dag vert hogst og skogkultur i særst stor grad utført av virkeskjøparar og deira entreprenørar.
- Aktiviteten er i stor grad knytt til den eldste kulturskogen frå skogreisningsperioden (1950 – 1990).
- Tømmeret vårt vert i all hovudsak eksportert (lite lokal foredling)
- Det er eit stort potensiale for auka aktivitet i naturskogen (furu og lauv).
- Skogkulturen (forynging og stell) held ikkje tritt med avverkninga
- Vi har eit til dels manglande og underdimensjonert vegnett for rasjonell transport i /frå skogen
- Den gjennomsnittlege skogeigedomen er liten (kring 200 daa). Storleiken tilseier at mange skogeigarar sjeldan avverkar skog, kanskje berre ein gong i livet, og det er difor ekstra utfordrande å fange interessa deira for skogbruk
- Å få auka skogeigaren si interesse og kunnskap/kompetanse på stell og drift av skog vil vere ein nøkkelfaktor for å auke verdiskapinga frå skogen og å utnytte skogen sitt potensiale som eit positivt klimatiltak(auka binding av karbon og auka bruk av tre).

## 4 Skogkultur

Tilskot til skogkultur (forynging av skog og ungskogpleie) er eit av dei viktigaste verkemidlane for å sikre/opprethalde skogproduksjonen i framtida. Dei følgjande tabellane syner hogstaktiviteten og utført skogkultur med tilskot i kommunen 2014-2018

### Hogst

År	Avverka Volum(m <sup>3</sup> )	Verdi (kr)
2018	57 413	24 839 828
2017	36 701	11 890 719
2016	17 275	4 791 352
2015	28 019	8 139 849
2014	37 161	12 084 661
<b>Snitt</b>	<b>35 313</b>	<b>12 349 281</b>

### Planting

År	Tal planter	Areal	Kostnad (kr)	Tilskot (kr)
2018	48 975	218	301 013	166 686
2017	88 400	407	533 898	279 235
2016	45 775	199	294 093	180 367

<b>2015</b>	64 600	287	372 128	224 920
<b>2014</b>	73 200	284	411 656	255 379
<b>Snitt</b>	<b>64 190</b>	<b>279</b>		

### Ungskogpleie

År	Areal	Kostnad (kr)	Tilskot (kr)
<b>2018</b>	14	4 200	2 940
<b>2017</b>	63	17 050	11 225
<b>2016</b>	184	53 730	37 611
<b>2015</b>	303	100 792	65 413
<b>2014</b>	28	20 140	13 382
<b>Snitt</b>			

Statistikken syner tydeleg at det er stort avvik mellom areal som er avverka og skogkulturaktiviteten. Dette er ikkje berekraftig ressursforvaltning.

Det må vere eit overordna mål at avverka areal vert forynga. Alle hogstar er ikkje foryngingshogstar, noko hogst vert utført på areal som skal nyttast til andre formål (bustad omdisponert til jordbruk m.m). Lovkravet om forynging gjeld alt avverka areal som ikkje er omdisponert til andre formål (krev godkjenning frå kommunen).

#### 4.1 Tiltak

Skogeigarane må bevisstgjerast på plikta dei har til å foryngje etter hogst.

Kommunen er pålagt kontrollar, resultat- og miljøkartlegging, foryngingskontroll og NMSK-kontroll. Resultata av kontrollane må aktivt nyttast opp mot skogeigarane.

Verksemdene som driv med tømmeromsetjing/virkeskjøp er i kontakt med mange skogeigarar. I tillegg til å tilby kontrakt på hogst med påfølgjande skogkultur, er det viktig at verksemdene gjev skogfagleg rettleiing til sine kundar. Godt samarbeid mellom desse aktørane og kommunal skogforvaltning er viktig.

Fylkesmannen har over nokre år no, nytta ein del av den samla NMSK-løyvinga (skogkulturmidlar) til prosjekt/motivasjonstiltak retta mot skogeigarar. Skogselskapet (nøytral ideell organisasjon) har våre eigar av prosjektet. Kommunen ser det som viktig at denne type prosjekt vert vidareført og er positive til at det vert nytta tilskotsmidlar til finansiering.

Forynging er kostbart. Dei siste åra er det registrert stor auke i avgang (planter som dør) i foryngingsfelta. I mange felt vert det då behov for suppleringsplanting eller rett og slett oppatt planting (i nokre tilfelle i fleire omgangar) for å etablere ei tilfredstillande forynging. Det er sett i gang omfattande arbeid for å finne årsak til auka avgang i foryngingsfelta.

Tilskot er vesentleg for å få utført forynging. I tillegg må skogfond som finansiering/investeringskjelde nyttast aktivt. Bruk av skogfond med skattefordel er særst lønsamt for skogeigar. Å setje av tilstrekkeleg til skogfond ved hogst er viktig.

Ut frå erfaringane no, så må det truleg setjast av om lag 15 % til skogfond for å finansiere framtidig skogkultur (eigendel på forynging og ungsogopleie).

## 4.2 Prioritering

I Sunnfjord kommune er det eit relativt stort etterslep på forynging etter hogst. Samstundes slit vi med stor avgang i foryngingsfelta. Ungskogpleie er også særst viktig for utvikling av kvalitetsskog. Tilskot til planting og ungsogopleie vil vere hovudprioritet framover.

Suppleringsplanting og tilskot til tettare planting, følgjer dei til ein kvar tid gjeldane føringar for sentralt tilskot (landbruksdirektoratet).

## 4.3 Tilskotssatsar

- Forynging 50 %
- Oppatt planting (felt med særst stor avgang), inntil 70- 80 %
- Ungskogpleie 50 %
- Skogkulturtiltak samarbeid mellom skogeigarar 5 % høgare sats.
- Suppleringsplanting sentralt tilskot på 60 %
- Tettare planting sentralt tilskot 80 %, gjeld for inntil 50 planter ekstra per daa

## 4.4 Vilkår

- Det skal normalt ikkje gjevast tilskot til skogkultur i landskapsregion 20
- Det skal ikkje gjevast tilskot til treslagsskifte i edellauvskog eller i områder med registrerte viktige naturtypar
- I verdfulle kulturlandskap
- I lokalt og regionalt viktige friluftsområde.

# 5 Drift med taubane, hest o.a.

NMSK-forskrifta seier at: «*Det kan gis tilskudd til utdrift av skogsvirke med taubane, hest o.a. Tilskudd kan bare gis der det er foretatt registrering av miljøkvaliteter i området. I områder der det ikke er foretatt miljøregisteringer, skal det stilles krav om gjennomføring av de førevar- tiltak som er nedfelt i Levende Skogs standarder*».

I Sunnfjord kommune står det mykje skog i taubaneterreng. Det er liten konkurranse med annan arealbruk på dei bratte areala og dei eignar seg godt til skogbruk.

## 5.1 Tilskotssatsar

Med dagens tømmerpris/driftspris, bør tilskotet på t.d. ei grandrift med taubane ligge på kring kr 140/m<sup>3</sup>. Fylkesmannen tilrår at kommunane nyttar ei variabel tilskotsordning som tilpassar seg endringar i tømmerprisane. Dette vil gjere skogsdriftene meir føreseielege for både skogeigar og entreprenør.



Sunnfjord kommune følgjer Fylkesmannen sine råd, og legg følgjande modell til grunn for tilskot/utrekning av tilskot til taubanedrifter:

	Tilskot, kr per m <sup>3</sup> :
Gran: variabelt tilskot på	$\frac{48\,000}{\text{gjennomsnittleg virkespris}}$
Furu og lauv: variabelt tilskot på	$\frac{56\,000}{\text{gjennomsnittleg virkespris}}$

Døme: Gjennomsnittspris grantømmer 3 kvartal 2019 kr 345.  $48\,000 / 345 = \text{kr } 139/\text{m}^3$

- Hestedrifter, traktormontert slepebane og løypestreng kr 150/ m<sup>3</sup>
- Taubanedrift og framkøyring med lastetraktor kr 20/ m<sup>3</sup> i tillegg

## 5.2 Prioritering/ Vilkår

- Drifter i stormfeltskog skal til ei kvar tid prioriterast
- Tilskot til drift i vanskeleg terreng skal berre gjevast når drifta blir gjennomført i hogstmoden skog og på ein slik måte at det blir teke omsyn til skogens funksjonar i forhold til biologisk mangfald, landskapsverdiar, kulturminneverdiar og friluftsliv.
- Tilskot kan berre gjevast der det er gjennomført registrering av miljøkvalitetar (MiS).
- Etter hogst av gran skal det plantast til med gran. Skogfaglege vurderingar kan dispensere frå kravet.
- Alder på skogen må dokumenterast. Lågaste alder for å gje tilskot:

Bonitet	Lågaste totalalder	Tillegg til alder målt i brysthøgde
G26 og betre	55 år	+ 10 år
G23	60 år	+ 12 år
G20	70 år	+ 13 år
G17	80 år	+ 14 år
G 14	90 år	+ 16 år

- Det skal ikkje gjevast tilskot:
  - Om drifta kan motverke utbygging av rasjonelt vegnett i naturleg avgrensa driftsområde
  - Området skal nyttast til andre formål enn landbruksproduksjon

## 6 Bygging og ombygging av skogsvegar

NMSK-forskrifta seier at: *"Det kan gis tilskudd til bygging av nye eller ombygging av eksisterende skogsveier når dette bidrar til helhetsløsningar som gir grunnlag for utnyttelse av skog- og utmarksressursene.»*

Vidare står det at vegen skal vere godkjend etter forskrift om planlegging og bygging av landbruksvegar *eller* plan- og bygningslova. Før anleggsarbeidet vert starta skal det utarbeidast ein byggjeplan godkjend av kommunen.

Det er også eit krav at vegen vert halde ved like i same standarden han vart bygd.

### 6.1 Tilskotssatsar

Følgjande satsar er retningsgjevande for samla tilskot til ulike vegklassar/typar:

- Tilskot til sekundærvegar/traktorvegar (klasse 7) inntil 45 %.
- Tilskot til bilvegar og tilkomstvegar inntil 60 %

Anlegg der det er brukt godkjend vegplanleggar kan få følgjande tillegg:

Detaljplanlegging	+4 %
Utarbeiding av anbod	+3 %
Oppfølging av anlegget under bygging	+3 %

Tilskotsgrunnlaget for skogsvegar i vegklasse 2 til 7 skal reknast ut frå vegen sitt dekningsområde etter følgjande prinsipp: Inntil kr 7 000 per dekar for areal i hkl 2 – 4 som er tilplanta med gran, og inntil kr 160,- per m<sup>3</sup> gran og furuskog i hkl 5. For lauv inntil kr 100,- per m<sup>3</sup> i hkl 5.

Meirkostnader med endring av planen for eit veganlegg av omsyn til naturmiljø og friluftsliv, kan kompensert med ein noko høgare tilskotssats.

Tilskot til overordna vegplanlegging kr 300 000/år. Må samordnast på fylkes-/regionnivå.

### 6.2 Prioritering

- Vegar (nybygging eller ombygging) i samband med vindfallhogst
- Større felles tilkomst-/hovudveganlegg med mykje hogstmoden skog og store produktive skogareal og vegar bygde som sams tiltak etter Jordskifteloven
- Andre anlegg i tråd med hovudplan for skogsvegar
- Bilvegar framfor traktorvegar
- Klasse 7 (tung traktorveg) der dekningsområdet er lite og der offentleg tilkomstveg ikkje er open for vogntog

Vegklasse 5 og vegar som løyser mykje lauvskog og lite annan skog skal prioriterast lågt. Det skal normalt ikkje gjevast tilskot til skogsvegar der anleggskostnadene er under kr



30.000,- og det vert som hovudregel heller ikkje gjeve tilskot til "Enkle vegar" og "vegklasse 8" (enkle traktorvegar).

### 6.3 Vilkår

- Byggeplan skal utarbeidast og godkjennast av kommunen før bygging byrjar
- Det skal førast rekneskap utan mva. Utgiftene skal vere dokumenterte med fakturaer og timelister for eigeninnsats.
- Vegen skal meldast ferdig bygd og godkjennast av kommunen før sluttutbetaling av tilskot
- Vegen skal haldast vedlike i den standard den er bygd
- Avtale om vedlikehald skal leggst fram og vere underskriven av grunneigarane før tilskot vert utbetalt
- Hogst av gran i vegens dekningsområde skal plantast til med gran. Skogfaglege vurderingar kan dispensere frå dette.
- Kommunen og Fylkesmannen vil gjennomføre vedlikehaldskontroll på veganlegg

## 7 Søknadar

Søknader skal leverast på aktuelt søknadsskjema. Det er ikkje søknadsfristar, men kommunen må rapportere til Fylkesmannen på bruk, eventuelt trong for ekstra midlar i august.

Tiltak må difor vere kjende for kommunen innan utgangen av august. Alle søknadsskjema er tilgjengelege på [landbruksdirektoratet.no](http://landbruksdirektoratet.no)

### 7.1 Skogkultur

- Skjema [LDIR 909](#)
- Kart
- Kopi av faktura for plantekjøp og arbeid. Eventuelt plantekjøp for eige arbeid

### 7.2 Drift med taubane, hest o.a

- Skjema [LDIR 916](#)
- Kart
- Dokumentasjon, sjå kap. 5.2

### 7.3 Landbruksveg

- Søknad om bygging [LDIR 902](#)
- Søknad om tilskot [LDIR 903](#)
- Kart
- Sjå kap. 6.2 og 6.3



## **8 Rammeløyvingar og tilskotsbehov**

Fylkesmannen fordeler rammer til kommunane for dei statlege tilskotsordningane som omfattast av forskrifta.

Denne fordelinga er underlagt instruksjonsretten hjå statsforvaltinga, og instruksjonsmynda er delegert frå Landbruks- og matdepartementet til Landbruksdirektoratet og fylkesmennene. Avgjersler i medhald av denne instruksjonsmynda er ikkje enkeltvedtak, jf. forvaltingslova § 2, og kan ikkje klagast på.

Fylkesmannen si fordeling mellom kommunane skjer med grunnlag i kommunane sine budsjetteringar og prioriteringar. Kommunane legg inn sine budsjetteringar og prioriteringa i eit fylkesdekkande rekneark i februar kvart år.

